



Sæle Eiendomsinvest AS

Dato: 17.08.2015

Vår ref.: 2014/11005-3

Saksbehandlar: erlhofs

Dykkar ref.:

Lars Hilles gate 29, gnr. 164, bnr. 948, Bergen kommune. Varsel om oppheving av vedtak om mellombels freding

Hordaland fylkeskommune varsler med dette om at me vil oppheva vedtaket av 25. mai 2005 om mellombels freding av Lars Hilles gate 29 (bygningsnr. 139281624), jf. forvaltingslova § 16.

Bergen kommune ved Byantikvaren fatta 25. mai 2005 vedtak om mellombels freding av Lars Hilles gate 29, med heimel i kulturminnelova § 22.4, jf. § 15. Bergen kommune hadde på det tidspunktet delegert mynde etter kulturminnelova til m.a. å fatta vedtak om mellombels freding. Dette myndet ligg no til Hordaland fylkeskommune.

Den som ønsker å uttala seg til varselet, må gjera det innan ein månad frå dette brevet er motteke.

Bakgrunn

Lars Hilles gate 29 stod ferdig i 1939 og er teikna av arkitekt Arent Greve. Bygningen var reist som lokale for bilforretninga Automobilkompaniet av 1923 (seinare Auto 23), oppretta i 1923 og mellom dei leiande bilforhandlarane i Bergen. Arkitekturen er prega av funksjonalismen, med eit avrunda fasadeparti i front med samanhengande vindaugefelt i begge etasjar, og eit høgt, slankt reklametårn på eine sida. Bygningen ligg strategisk plassert på hjørnet mellom dei to hovudgatene inn til bykjernen frå sør.

Vedtaket om mellombels freding vart fatta på bakgrunn av at det vart søkt om omfattande tiltak, som etter Byantikvarens vurdering ikkje kunne sameinast med ivaretaking av kulturminneverdiane knytt til bygningen.

Eigaren har halde fast ved ønsket om ei påbygging av bygningen og ei tid vore i dialog med fylkeskommunen om dette. Fylkeskommunen har gjort ei ny vurdering av kulturminneverdiane og kva rom det er for nye tiltak som ikkje svekker desse. Eit viktig moment her er at arkivundersøkingar tydeleg viser at bygningen var planlagt for å kunne byggjast på i høgda, noko som også er illustrert i teikningar av arkitekt Arent Greve. Bygningen slik den står vurderast difor ikkje å vera eit «ferdigkomponert» stykke byggjekunst, som ut frå dei arkitektoniske verdiane må bevarast i noverande form. Eit påbygg, gitt ei god form og tilpassing, vil ikkje redusere dei arkitektoniske verdiane til bygningen. Me kan heller ikkje sjå at dei kulturhistoriske verdiane ved bygningen – forstått som eit eksempel på og minne om bilismens og biltransjens framvekst i mellomkrigstida – vert svekka av eit påbygg. Fylkeskommunen har sluttat seg til eit forslag til påbygging der både det avrunda frontpartiet og langsida mot Lars Hilles gate er ført opp i fem etasjar, med vidareføring av formene i den eksisterande andre etasjen. Dette svarer også i det vesentlege til dei opphavlege planane for bygningen.

Vurdering

På dette grunnlaget må spørsmålet om eventuell permanent freding vurderast på nytt. Lars Hilles gate 29 har høg kulturminneverdi, men fylkeskommunen har vore i tvil om bygningen kan seiast å ha *nasjonal* kulturminneverdi – som er eit kriterium for freding. Det er òg noko paradoksalt om ein skulle freda bygningen og samstundes opna for ein såpass omfattande endring som påbygget vil vera. Eigarens planar for bygningen, slik dei no ligg føre, vil etter vårt syn ta godt vare på dei vesentlege kulturminneverdiane. På bakgrunn av desse tilhøva finn Hordaland fylkeskommune det rett å oppheva den mellombelte fredinga av Lars Hilles gate 29.

Konsekvensar av at fredinga blir oppheva

Når fredinga er heva vil ikkje eigar måtte søkja om dispensasjon til tiltak, då reglane etter kulturminnelova fell bort. Reguleringsplanens føresegner og alminnelege byggjesaksreglar etter plan- og bygningslova vil framleis gjelda.

Retten til å søkja fylkeskommunen om statlege tilskot etter statsbudsjettet kap. 1429 post 71 *Tilskot til frede kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap* fell bort. Eigarane kan i staden søkja om tilskot til tiltak på verneverdig bygning hjå Norsk kulturmindefond og andre.

Følgjer av vedtaket for naturmangfaldet

Prinsippa i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved offentleg sakshandsaming som kan vedkoma naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune har vurdert konsekvensane av opphevingsvedtaket mot reglane i lova. Vi kan ikkje sjå at vedtaket får nokon negative følgjer for naturmangfaldet.

Opplysningar om saksgang

Oppheving av fredingsvedtak følgjer sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak i forvaltingslova kap. IV-VI. Etter forvaltingslova skal partane i saka varslast slik at dei har høve til å uttala seg før det blir gjort vedtak. Vedtaket skal grunngjenvæst og kan påklagast innan tre veker etter at det er motteke.

Med helsing

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Riksantikvaren
Bergen kommune